



Tingvoll, 12.6.2023

Statsforvaltaren i Trøndelag
sftlpost@statsforvalteren.no

INNSPEL – TILTAKSPLAN FOR VILLREIN – SNØHETTA OG KNUTSHØ

Vi har visst i fleire tiår at menneske sin påverknad har vore negativ for villrein på Dovrefjell og andre stader. Vi har identifisert problemstillingar, laga planar og tiltak. Så viser det seg at situasjonen for villrein blir verre. Det vi har sett i gang for å hjelpe villreinen er ikkje nok. Verktøykassa med reiskap som ikkje gjer veldig vondt er tom. Det moderne samfunnet sine behov har hatt sin sjanse, men ikkje brukt han.

Det er tid for å gjennomføre tiltak som gjer vondt, fordi det ikkje er noko alternativ. Ikkje fordi vi vil, men fordi vi er nøydde.

Problemstillinga for villrein er ein sum av svært mange enkeltfaktorar. Nokre må storsamfunnet ta leiinga for, som t.d. klimaendringar. Mykje må regionen og kommunane ta ansvar for, sidan det i stor grad er tale om disponering av areal.

Det som er lista opp vidare er ikkje i prioritert rekkjefølgje. Situasjonen er ikkje slik at vi kan velje – vi må truleg gjere omtrent alt, fordi vi har venta så lenge med å gjere det som er nødvendig.

Veg og jarnbane

E6 og jarnbanen representerer ei barriere for villreinutveksling mellom Dovrefjell og Rondane. Nokre vel plasserte tunnelar ved Fokstugu og Hjerkinna kan vere til god hjelp for villreinen. I tillegg kan ein få betre tryggleik og regularitet for trafikkantane. Prosjektet kan overta plassen til vegprosjekt ny E39 mellom Ålesund og Molde og vil med det få ein endå betre miljøverknad.

Private hytter

Med det talet dispensasjonar som verneområdestyret har gjeve for reparasjon av hytter i verneområdet, må desse hyttene vere i betre stand enn på lenge. Det innbyr til meir bruk. Det er ofte tale om hytter som ligg så langt frå folk at her har villreinen hatt fred utan hyttene. Ein må sjå nærare på bruken av slike hytter, og sanere ein del av dei, andre må ha bruksforbod i lengre periodar.

Større buffersonar

Også hytter utanfor verneområdet kan ha negativ verknad, t.d. fordi ein har laga for små buffersoner. Bjorli er eit slikt område, der det er eit press på bruk av områda mellom Bjorli og Aursjøen. Vi antar at problematikken finst andre stader, og at dette er kjent for styresmaktene.

Turisthytter

Gjenopninga av Snøheim visste vi godt ville bli utfordrande for villreinen. No er det sjekka ut ved at det er prøvd i fullskala. Døra på Snøheim må låsast for siste gong på mange år, så vi får prøvd ut i fullskala korleis villreinen vil reagere på det.

DNT si hytte Reinheim må stengast.

DNT si hytte Åmotdalshytta må stengast i delar av året.

DNT si hytte Loennechenbua må stengast i delar av året.

Det finst fleire hytter av same slag, og det finst hytter utleigd av fjellstyrer osb. som bør få same handsaming.

Moskusfe og økologisk risiko

Moskusfe er ein framand art i Noreg. Økologisk risiko er vurdert til LO låg risiko. Vi har ikkje hatt merknader til dette tidlegare, men har blitt klar over ein ny faktor som gjer det nødvendig å gjere nye vurderingar. Vi meiner at ein faktor i risikovurderinga er gløymt. Moskusen i seg sjølv har nok risiko som kan høve med LO, men akkurat som enkelte andre artar er vert for sjukdom osb. er moskusen vert for ein enorm moskusturisme. Denne moskusturismen er delvis organisert, delvis heilt vill. Omfanget er i alle fall ganske stort, og let seg ikkje avgrense på nokon god måte. Artsdatabanken må få på plass eit nytt kriterium, påverking frå turisme, og vurdere moskusfe på nytt. Det kan vere tid for å fjerne moskusen i Dovrefjell, fordi han representerer trugsmål mot villrein.

Torbuhalsen

Ein flaskehals knytt til Aursjøen er Torbuhalsen der reinen kan utveksle mellom aust og vest i Snøhettaområdet. Der er det eit par hundre hytter som påverkar villreinen. Området brukast ganske lite ein periode på strengaste vinteren. Til påske blir vegen brøyta og det er full fart. Bruksforbod i perioden 1. desember – 15. juni vil kunne hjelpe og må gjennomførast slik at ein kan få sjekka verknaden. Alternativ til bruksforbod er ferdselsforbod i same område og periode, om det kan vere lettare å få til.

Snøfjellstjønning

Bruken av vegen fører til auka bruk av hyttene. Også her må ein avgrense bruken av hyttene i periodar, og sjå på om ein kan få redusert omfanget av motorferdsel.

Sykling

Sykling fører til fleire folk lenger frå veg, ein verknad som ikkje er ønskja. Sykling må avgrensast til ein trase meir og mindre langs E6 eller jarnbanesporet.

Jerv

Jerv er ein del av høgfjellsøkosystemet i Dovrefjellområdet. Bestanden av jerv blir halde på eit minimum. Det vil vere bra for villreinen om ein større del av uttaket blir gjort av jerv i staden for jegerar. Då må bestanden av jerv aukast noko.

Sau

Med sau følger skadelege parasittar som villrein kan bli infisert med via saltsteinar. Fotråte og CWD kan banke på døra og gjere alt endå verre.

Ansvar

Det er ein sum av politiske vedtak som har ført oss dit vi er i dag. Der forvaltinga har åtvara om ganske mykje av det som er nemnt har politikarane sagt at ein kan ta litt til, og har gjort det fordi politikarar kan gjere slikt. Når ein ser resultatet, i form av at villreinen har fått raudt lys, er det tid for at politikarane gjer hardhendte tiltak, sidan det er politikarar som kan gjere slikt.

Fleire stader og fleire saker kunne ha vore nemnt. Det aller meste er tiltak som er nemnt tidlegare. Det nye er at ein må setje i gang meir ekstreme tiltak. Vårt innspel gjev uttrykk for at det no er tida for å byte verktøykasse slik at ein kan gjere noko med dei heilt grunnleggande problema. Vi menneske tar for stor plass og må difor redusere verksemda vår ein del. Aktuelle mynde må systematisk gå gjennom areala slik at ein får med seg også alle dei andre punkta det er noko å hente.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær